

Preike på tredje søndag i påsketida

av vikarprest Matias Austrheim



Søndagens tekst: Evangeliet etter Johannes 10, 11-18

Den gode gjetaren.

Påsketida har mange sterke fortellingar og bilete av Jesus. Eit av dei sterkaste bilete mange har med seg frå barndommen er fortellinga om Jesus som den gode gjetaren. Bilete av Jesus som ber lammet på skuldrane sine har festa seg på netthinna vår frå søndagsskule, bibelkort, flanellograf og kanskje eit altarbilete i kyrkja.

For nokre år sidan var eg i Roma og besøkte katakombane utanfor byen der tusenvis av kristne søkte tilflukt og enda sitt liv under kristenforfylgjingane. Eit av dei vanlegaste bilete som var rissa inn i gravmonumenta var nettopp Jesus som den gode gjetaren. «Eg er den gode gjetaren, den gode gjetaren set livet til for sauene», sa Jesus. Påskeforteljinga handlar om at det var det som hende. Jesus rømde ikkje unna, han gjekk vegen heilt ut, til korset og døden. Men det enda ikkje der. Dei trudde at Jesus var borte og at alt håp var ute. Men så sto han der påskedagsmorgonen lys levande, han gjekk gjennom død og grav. Jesus var ingen leigekar, nei, han gjekk i front, tok støyten, så han kunne vere den gode gjetaren vår i liv og død. Ikkje berre på eit glanspapir, men i vårt livs tornekratt, i vår mørke natt, i eit liv og ei verd der vonde ting skjer, der ulven herjar og leigekaren rømer. Kor ofte har vi ikkje ved sjukesenga eller på eit dødsleie lese frå salme 23 i Bibelen om Jesus som går med oss gjennom alt: «Herren er min hyrding, eg manglar ingenting, han fører meg til vatn der eg finn kvile og gjev meg ny kraft. Om eg så går i dødsskuggens dal ottast eg ikkje for noko vondt, for du er med meg» Jesus signerte desse orda med sitt liv og sin død.

Då eg var gutunge hadde vi sauer heime på garden vår på Sandane i Nordfjord. Men eg likte ikkje sauer. Det var så mykje springing og jaging og leiting når dei skulle heim frå fjellet. Berre kav og mas. Men så var av og til bestemor mi med på sauesankinga. Då var alt annleis.

Ho lokka og song og kalla på sauene. Og dei kom springande. Dei kjende ho Oleanna. Og ho kjende dei. Alt var så trygt og fint. Eg var berre som ein framand leigekar, ho var den gode gjetaren.

Den gode gjetaren med lammet på skuldrane er for meg eit bilete på gudstrua mi. Det er ikkje eg som fiksar trua eller ber den oppe. Det er Jesus som ber meg og toler meg og leier meg heim. Som Ole Paus syng så fint i Det begynner å bli et liv dette her, det begynner å ligne en bønn.

Hvem vil ta meg inn til seg, når det blir kaldt, hvem vil si: du er av meg - jeg elsker din sjel gjennom alt. Hvem orker å se meg som den jeg er, og elske meg som en sønn? Det begynner å bli et liv, det begynner å ligne en bønn!